

Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar.

§ 1 Heimel

Forskrifta er fastsett av kommunestyret i Bjørnafjorden kommune [Dato] med heimel i forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar § 5 fjerde ledd

§ 2 Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre eit oppdatert, korrekt og grunnlag som kan etterprøvast for utrekning og utbetaling av tilskot til private barnehagar.

Forskrifta gjeld alle private ordinære barnehagar i Bjørnafjorden kommune som mottek kommunalt tilskot etter finansieringsforskrifta.

§ 3 Rapporteringsplikt

Private barnehagar skal rapportere opplysningar per 15. desember i samsvar med finansieringsforskrifta § 5.

Private barnehagar skal i tillegg rapportere følgjande opplysningar per 1. august kvart år:

- a. Tal barn i barnehagen.
- b. Barnas alder.
- c. Opphaldstid i barnehagen.
- d. Tal tilsette i det ordinære barnehagetilbodet, som det er knytt pensjonsforpliktingar til.

Barnehagane skal rapportere det tal barn som faktisk går i barnehagen. Barnehagane skal ved rapportering per 1. august også opplyse om barn med rett til plass etter barnehagelova § 16 andre ledd som har planlagt oppstart i perioden august til november.

Plasseringa skal vere registrert i kommunen sitt oppvekstadministrative system. Opplysningar om bemanning skal vere oppdaterte og knytte til det ordinære barnehagetilbodet.

Det blir berre gitt tilskot for kvart barn til éin barnehage. Barnet skal teljast i den barnehagen der det faktisk har teke til og oppheld seg på telletidspunktet.

Rapportering skal skje via skjema som ligg på kommunen si heimeside.

Opplysningane skal kunne etterprøvast og dokumenterast ved kontroll. Kommunen kan ved kontroll leggje vekt på tidpunkt for inngått avtale, oppstartsdato og faktisk oppmøte i vurderinga av kva barnehage barnet skal teljast i.

§ 4 Aktivitetsendring

Private barnehagar skal utan ugrunna opphald melde frå til kommunen om store aktivitetsendringar.

Som store aktivitetsendringar reknast mellom anna:

- a. Vesentleg endring i tal barn.
- b. Vesentleg endring i tal årsverk
- c. Mellombels stenging eller reduksjon i tilbodet
- d. Avvikling av drift

Ved vurdering skal det leggjast vekt på om endringa har vesentleg innverknad på tilskotsgrunnlaget.

Ved stor aktivitetsendring kan kommunen fatte nytt enkeltvedtak om tilskot.

§ 5 Grunnlag for tilskot

Tilskot til private barnehagar i perioden januar - juli vert fastsett på grunnlag av rapportering per 15. desember året før.

Tilskot for perioden august - desember vert fastsett på grunnlag av rapportering per 1. august.

Endringar i tal barn eller aktivitet etter rapporteringstidspunkta i § 3 fyrste og andre ledd gir som hovudregel ikkje rett til auka tilskot i inneverande tilskotsårsperiode, med mindre kommunen finn at særlege forhold tilseier det, jf. §6. Kommunen kan likevel redusere tilskotet ved store aktivitetsendringar, jf. § 4.

Kommunen fattar enkeltvedtak om tilskot i tråd med gjeldande regelverk.

§ 6 Særleg plasseringar utanom rapporteringstidspunkt

I særlege tilfelle kan kommunen ha behov for å skaffa barnehageplass til enkeltbarn utanom fastsette rapporteringstidspunkt, når det ikkje er ledig kapasitet i eksisterande tilbod og barnet har behov for plass.

Kommunen kan i slike tilfelle oppmode private barnehagane om å ta imot barnet, men barnehagen er ikkje forplikta til dette.

For barn som vert tekne inn etter denne paragrafen, vert det gitt tilskot frå oppstartstidspunktet i samsvar med gjeldande satsar for kommunalt tilskot.

Kommunen fattar eige enkeltvedtak om tilskot for plasseringar etter denne paragrafen.

§ 7 Kontroll og opplysningsplikt

Kommunen kan krevje dokumentasjon for dei opplysningane som vert rapporterte etter denne forskrifta.

Dersom barnehagen gir uriktige eller mangelfulle opplysninger, kan kommunen korrigere tilskotet og krevje tilbakebetaling i tråd med gjeldande regelverk.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027